



## Møtereftrat - planforum 28.05.2014

Stad: Storehagen Atrium i Førde, Fylkeshuset på  
Leikanger

Referent: Torbjørn Hasund

---

### Kl. 9:00 Hornindal kommune – lokalisering og plassering av framtidige bustadfelt

Til stades: Anne-Britt Øen Nygård, Ann Kristin Langeland, Ståle Hatlelid – Hornindal kommune,  
Noralv Otnes – NVE, Heidi Sandvik - FM miljøvern, Oddgeir Aardal – FM landbruk, Birgit  
Tansøy, Knut Åland FK KA, Ylva Tyssing, Trond Sundby og Torbjørn Hasund – FK PSA

Ståle Hatlelid, einingsleiar utvikling gjekk gjennom saka

- Gjeldande arealdel frå 2004 – målet var desentralisert bustadbygging, men med vekt på sentrum
- Kommunestyret ønskte no å gjere vedtak over prioriterte utbyggingsområde grunna vesentleg auke i bygging grunna Kvivsvegen
- Sentrumsplan for Grodås under arbeid. Har valt å legge forretning og kontor nede på sentrumsflata og legge bustader oppe i bakkane bak sentrum. Det vert likevel opna for bueininger i kombinasjonsbygg i sentrum
- Hornindal skule 1 km nord for Grodås, 4-500 meter vidare nordover ligg barnehagen, alle med god tilgang til veg og gang- / sykkelveg, inkludert kulvert under E39 til Kyrkjehorn
- Det er til kommunestyret si handsaming laga prioriteringsliste etter ulike kriterium, Fannemel kom best ut, men politikarane mest interesserte i meir sentrumsnære tomter, og då særleg Kyrkjehornsbakkane
- Kommunen nytta Kvivsveg – prosjektet til å få bygt ut kommunal VVA, samstundes vart det bygt ut VA-anlegg til Hornindal skisenter.
- Når (ikkje tidfest) ny fylkesveg vert opparbeidd på sørsida av elva / dalen vil gamal fv kunne fungere som gang- og sykkelveg frå Gausemel til Tomasgard.
- Utarbeidd matrise med prioritering gjennom verdivekting av ulike kriterium, sjå under, for aktuelle utbyggingsområde. Lagt fram for K-styret for politisk handsaming, prioriteringa vart då noko endra.

## Områdeskildringar (det vart opna for kommentarar frå fagetatane)

### **Gausemel 1**

- Ikkje i tråd med kommuneplanen (i sør LNF, i nord LNF spreidd). Forslaga Gausemel 2 og Fannemel inne i KPL. For å få trafikksikker skuleveg til Fannemel 1 er det føresett ny fv 60 mot Hellesylt på sørsida av elva. Ei slik avløyning av fv 60 er ikkje inne i prioriteringslistene, og ligg mange år fram i tid.

### **Grodås 1 og 2**

- Grodås 1 vert innarbeidd i reguleringsplan for sentrum, som er under arbeid. Ligg også inne i gjeldande KPL arealdel. Grodås 2 er i dag landbruk og beite, og er tenkt som reint bustadfelt med ulike bueiningar. Utbygging i sentrum dei 3-4 siste åra syner at det er stor interesse for mindre bueiningar.
- Åland – det er gardstun med SEFRAK registrerte bygg, reknar med det i planane vert lagt inn omsynssone som tek omsyn til gardsmiljø med SEFRAK bygg. Hatlelid - bruka vil forsvinne som gardsbruk, men tuna vil bestå.

### **Løvland og Kyrkjehornsbakkane nord.**

- Kyrkjehornsbakkane sør er stort sett bygt ut som byggjefelt med einbustader. Kyrkjehornsbakkane nord ligg i forlenginga. For Løvland gjeld at eigar ønskjer selje til kommunen som bustadfelt. Utfordring her er god gangtilkomst til skulen, i dag vert det nytta ei rås som ikkje er god nok, må sjå på løysing for gang- /sykkelveg, som vil vere utfordrande. Begge områda ligg i LNF i kommuneplanen. Nært skule og barnehage

### **Ytrehorn**

- Nordvest for sentrum. Det er lagt ut til bustader i eigen regplan, men føreset vegtekniske tiltak. Skal ein få til utbygging avhengig av ny trase for utløyning av trafikk.

### **Kongsvik /Kjøs bru**

- 6-7 km aust for sentrum. Arealet ligg inne i arealdelen, og kommunen eig området
- Ligg på is så lenge framtidig trase for E39 ikkje er avklara. Vert det indre trase (om Grodås) kan G/S – vegen følgje dagens E39, eller byggast i samband med ny E39 frå Grodås til Kjøs bru / Stryn grense. Tyssing – fylkeskommunen har tidlegare vore skeptiske til bustader i dette området, med grunngjeving i avstand til sentrum, skule og barnehage. Hatlelid – utbygging av eigen gang- og sykkelveg vert ikkje realisert på denne strekninga om E39 ikkje vert lagt etter indre trase.

## **Innspel**

Aardal – planarbeidet ser i stor grad ut til å unngå dyrka mark, men nye bustadområde på Løvland, Kyrkhornbakkane nord og Gausemel vil omfatte skog og beite. Forlenging av eksisterande felt er positiv. Overordna og generelle føringar ved arealbruk frå FM landbruk er at dei ønskjer konsentrasjon av bustader rundt sentrum.

Sundby – fylkesdelplan for arealbruk frå 2000, sa at det ved utarbeiding av arealplan også bør setjast ei grense som sentrum held seg innanfor. Hatlelid - i arbeidet med reguleringsplan for sentrum vil det verte sett bestemte krav i føresegnene for utbygging, t.d. arealutnytting, og parkering.

Øen Nygård – politisk semje om Løvland. Arealet er flatt, greitt å kome til og trygt for born. Mildare om vinteren og meir sol enn nede i sentrum. Kommunen ønskjer å få hand om areal til utbygging, behovet er der, og grunneigar er villig til å selje areal til kommunen.

Sandvik (ettersendt kommentar frå FM beredskap) - FM oppmodar om å leggje ei reell vurdering av ROS til grunn for prioriteringane av dei ulike utbyggingsalternativa. Konsekvensar av forventa klimaendringar må vere med. Kommunen kan ta kontakt med Eline dersom dei har spørsmål knytt til ROS-analyse.

## **Førehandsstilte spørsmål / problemstillingar frå Hornindal (e-post frå Hatlelid)**

1. Korleis vurderer planforum endra arealbruk (frå landbruk/ skogbruk – til utbyggingsområde) opp mot ei gunstig lokalisering - med kort avstand til skule, barnehage, idrettstilbod og sentrumsfunksjonar ?

Det var ingen ekstra merknader til det som var sagt om dette tidlegare i møtet.

2. Er fråvær av vedteken planstrategi til hinder for realisering av kommunestyret sine ynskje?

Sandvik – i utgangspunkt bør slik planlegging av utbyggingsområde vere del av ein kommuneplanprosess, med den breie medverknaden det medfører. Men av dei områda kommunen seier dei vil gå vidare med, er det berre eit som ikkje er i samsvar med kommuneplanen. Hatlelid - dei flest områda er godt nok avklara, tanken har vore å setje i gong regulering før arealdelen, men kommunen ser at arealdelen burde vore revidert. Sundby – å starte arbeidet med planstrategi no er ikkje føremålstenleg, det er betre å forberede seg til ny runde med planstrategi etter neste kommuneval. Øen Nygård – ønsket har vore å gå rett på reguleringsplan.

Sandvik – fokuset må no vere på korleis kommunen vil gå vidare med områda. Gode vurderingar er lagt til grunn, sjølv om ikkje medverknaden vert like omfattande som ein formell kommuneplanprosess. Ikkje noko formelt i vegen for å gå på enkeltreguleringar utanom KPL, men fylkesmannen vil likevel oppmode om KPL – arbeid. Sundby – eit verkty for å sjå enkeltplanane meir i samanheng er å setje rekkjefølgjekrav inn i føresegnene. Dette vil sikre trygg skuleveg, god areal og transportplanlegging, og det vil kunne bygge opp om sentrum.

Otnes - Skule og idrettsområdet er faktisk det området som er mest utsett for flom, og det er knytt til isgang om våren, der ispropp kan gjere at vatnet tek nye vegar.

3. Plan- og bygningslova § 4-1 omtalar dei tilfelle der det skal utarbeidast planprogram. Etter kommunen si vurdering har kommunestyret i KS-003/14, alt vekta aktuelle utbyggingsområde opp mot kvarandre – ut frå bestemte vurderingskriterium, og utbygging i desse områda vil heller ikkje ha ”...*vesentlige virkninger for miljø og samfunn, ...*” Kommunen meiner difor at det ikkje er lovpålagt krav om planprogram i denne saka. Er planforum av same mening?

Sandvik – arbeidet kan føre til utløyning av KU. KU-forskrifta §3 d) og vidare til vurdering etter §4. Kommunen skal som planmynde vurdere og ta avgjerd i tråd med KU-forskrifta. Oppmodar om å leggje ved skriftleg vurdering, og ikkje berre konklusjon ved oppstart.

Tansøy – for areal som ikkje er i tråd med kommuneplan kan kulturavdelinga ikkje seie seg einige i arealbruken før gjennomført kulturminneundersøking jf. kulturminnelova §9. Sandvik – også forsvarleg sakshandsaming etter naturmangfaldlova skal leggjast til grunn i det vidare arbeidet.

Åland - Hornindal kyrkje er listeført og fyljande tre bygningar er freda: Løe på Kirkhorn, Masstove på Lien Olsbø, og Grothaugstova. Ingen av dei freda bygningane har ei områdefreding, difor er det viktig at kommunen i planarbeidet legg ei omsynssone med føremål bevaring over desse eigedommane for å bevare konteksten bygningane står i. Storleiken på omsynssonene må veljast ut i frå terrenget og omgjevndane. I tillegg må det gjevast gode retningslinjer for korleis området skal handsamast.

Når det gjeld Hornindal kyrkje er det her viktig at 60 m sona, jf. kyrkjerundskrivet, vert avmerka i kartet. I denne samanhengen vil det vere hensiktsmessig at kommunen også vurderer om dette er tilstrekkeleg for å ivareta kyrkja sin verknad i landskapet eller om det er behov for å utvide omsynssona rundt kyrkja.

Hatlelid – alle dei freda bygningane ligg i god avstand frå aktuelle utbyggingsområde, og det er såleis ikkje konflikt mellom endra arealbruk i desse områda og statusen til dei freda bygningane.

#### 4. Ser planforum problemstillingar i denne saka som kan utløse motsegn?

Ser ikkje grunnlag for det no på dette stadiet. Presisering av at planforum er eit samarbeidsorgan og ikkje eit vedtaksorgan. Ved vidare arbeid og nærare utforming av planen kan det dukke opp problemstillingar av ein slik art at motsegn kan verte aktuelt.

Slutt 10:15